



---

**Referat frå møte i UKS den 25.03.2011**

---

**Tilstades: Alle**

---

**Forfall: Ingen**

---

**Sak:**

**1. Kvalen**

Vi gjekk gjennom vedlegga tiltaksplan og investeringsplan. Det var einstemmig tilslutning til tiltaka i begge dokumenta. Frank orienterte om arbeidet som har blitt gjort i vinterferien samt årsakene til at vi bør satse på nytt utstyr. Det vart også orientert om opprustingstiltak for Kvalheim og at det blir lagt opp til dugnad for å gje bygget eit visuelt løft. Dette kjem vi tilbake til på neste møte.

Therese og Kristina vart utnemnde til møbelansvarlege og vil sjå på kva som trengst av nytt møblement.

Therese går i kompaniskap med Elisabeth om å skrive søknader rundt om til aktuelle, som bank, samtrygdslag etc.

Roy André sender søknad om ungdomsmidlar til nytt biljardbord.

**2. Seminar om rusførebygging**

Frank presenterte spørjeundersøkinga, samt meir utfyllande informasjon om sjølve seminaret som skal foregå den 25. mai. Det vart avtalt at undersøkinga skal skje i ungdomsskulen i veka etter UKS-møtet og at den blir gjennomført som gruppearbeid i kvar klasse.

**3. Eventuelt**

Ingen innmeldte saker.

Neste møte blir fredag 13!! mai.